

## Takk for fin førjulstund

13.12.2011

**Leiar i soknerådet Møyfrid Kristoffersen synest det er flott med alle som stillar opp i julekonserten kvart år og også med dei andre som kjem og bidreg til at vi i Uskedalen får ei slik fin førjulsstund i kyrkja. Ho held fram:**

'Takk til dei flotte barna og ungdomane i skulemusikken med sin dirigent Tor Skeie Olsen. Eg blir så glad både over å sjå dei og å høyre dei spela for oss,

Takk til Røysterett for alle med sin dirigent Maria Malmsten. Det er ein fryd å synge med koret i kyrkja - og vi får så mange tilbakemeldingar på at publikum set pris på det vi byr dei.

Takk til Jan Ove Fagerheim, som minna oss på å ta bursdagsbarnet med i bursdagsfeiringa,

Takk til trekkspelklubben som stiller opp for oss og som også hadde eit lokalt arrangert musikkstykke å framføre,

Takk til organist Lars Erik Tjeldflåt. Det er ei stor glede å samarbeide med han og det var verkeleg flott å høyre på stykke han spelte for oss på konserten.

Så er det dei to solistane som gledde oss med si deltaking og gav fin variasjon i programmet.

Ragnhild Handeland med si unge og nydelege røyst og flotte val av songar. Det at ho ikkje nytta mikrofon bidro til at det vart så nært og varmt når ho song for oss.

Når Svein Bergseth sang

Mitt hjerte alltid vanker så senka mine stressa førjulskuldrar seg og den vakre røysta hans lydde så fint frå galleriet og utover publikum i kyrkja.

Å lytta til tonar frå trompet i kyrkja gjev høgtid. Tusen takk til Vegard Døssland for at han gjev oss slike opplevingar,

Varme julehelsingar til dykk alle'